



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre

Møtestad: Rosendal

Dato: 05.06.2023

Tidspunkt: 12:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Styremøte i samband med studietur til Folgefonna og Rosendal.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 8/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 9/23	Signering av protokoll fra førre møte		
RS 3/23	Ålfotbrean verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 2/2023		2019/10793
RS 4/23	Ålfotbrean verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler på styremøte 2/2023		2019/4056
ST 10/23	Ålfotbrean verneområdestyre - evaluering og rullering av rådgjevande utval		2019/11038
ST 11/23	Eventuelt		

**ST 8/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 9/23 Signering av protokoll frå førre møte**



Arkivsaksnr: 2019/10793-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 31.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/23	05.06.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 2/2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

- **Delegerte saker**
Det har ikkje blitt handsama saker med delegert mynde sidan førre møte
- **Nasjonalparkstatus**
Statsforvaltaren har jobba vidare med denne prosessen og med oppdraget som han har fått frå departement og direktorat. Det har vore gjennomført informasjonsmøter og dialogmøter med fleire.

Det har vore orienteringar for kommunestyra i Bremanger og Kinn (?).

Gloppen kommune, ved utval for teknisk, kultur og miljø, har hatt saka oppe til handsaming. Utvalet vedtok å ikkje gå vidare med denne prosessen no. Statsforvaltaren har vore i kontakt med ordførar og kommunedirektør og er samde om å la saka ligge til neste kommunestyreperiode.

Statsforvaltaren har og vore i dialogmøte med Sogn og Fjordane Energi. Der snakka vi om kva ein eventuell nasjonalparkstatus vil ha å seie for SFE si drift og eventuelle framtidige planar.



Oppsummert so vert det jobba med, men det tek tid. Eit sterkare vern er ein tanke som må modnast hos ein del, og kommunane har særskilt mykje dei skulle sagt med i praksis vedtak i to runder.

- **Samling med administrativt kontaktutval.**

Vi har lagt opp til samling og synfaring med administrativt kontaktutval 15.juni. Vi har felles utval med Naustdal-Gjengedal, sidan mange av representantane er felles. Årets samling vert lagt til Naustdal og Vonaområdet.

- **Samling med nasjonalparklaget hos Statsforvaltaren**

Vi hadde planlagt ei samling for alle nasjonalpark- og verneområdeforvaltarane som er tilknytt Statsforvaltaren i Vestland no i månadsskiftet mai/juni. Samlinga skulle vere i Ålfoten-området.

Grunna mykje forfall so vart samlinga utsett, og vi satsar på å gjennomføre den i slutten av august i staden for.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 31.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/23	05.06.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar på styremøte 2/2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak og tiltaksmidlar (PDF)

Barmarksesongen er i gang, og vi kan ta fatt på dei tiltaka vi har på blokka og fordelt midlar til. Her kjem ei kort orientering om stoda på dei ulike tiltaka.

Rydde veg i Hope

Gjennomført av Bygdeservice. Rydda skog som har kome opp i og langs skogsvegen i retning Lavestenen.

Stiane til Blåbrebu og frå Åskora til breen

Naturoppsyn Rune Holen skal lage plan for gjennomføringa med skildring og prioritering over kva som skal gjerast og korleis. Vi har lagt opp til synfaring i veke 25.

Tilrettelegging Førdedalen

Vi kjem til å stikke innom her i veke 25 og ser på kva som er behov og potensiale.

Rydde og merke stiar i Grøndalen

Her har vi heller ikkje kome i gang. Dette er eit ønske og innspele som har kome inn via rådgjevande



utval. Det er enno litt uvisst kva dei ser for seg eller kan tenke seg og kven som skal utføre jobben.

Når det gjeld skilt og infoskilt so ligg dette litt på is førebels. Vi må sjå litt om vi treng dei pengane til andre tiltak.

So har vi eit tiltak som «heng att» frå i fjar, nemleg utviding av parkeringskapasiteten i Grøndalen. Vi har allereie førehandsbetalt Gravdal Skog & Hageservice for å gjere jobben, men det kan vere at vi og må bruke litt av årets midlar. Det kjem mellom anna an på kva løysing vi vel og kor mykje masse som må køyrast til.

Vi har her to alternativ. Vi og grunneigar ønskjer primært det eine alternativet, men av omsyn til trafikktryggleik so peikar fylkeskommunen på det andre. Det andre alternativet, som er utviding av eksisterande parkeringsplass, vil dessutan truleg ha ein enklare plan- og søknadsprosess.

No ligg saka hos Kinn kommune, vi ventar på svar derifrå om kva dei meinar om løysingar og kva dei krev av prosess her.

Vi har fått tildelt 300.000 i midlar i år. Det er ikkje betalt ut noko enno.



Arkivsaksnr: 2019/11038-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 30.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/23	05.06.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - evaluering og rulling av rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltar

1. Ålfotbreen verneområdestyre rullerer Rådgjevande utval for Ålfotbreen.
2. Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane vert invitert med i utvalet.
3. Det sittande utvalet får høve til å uttale seg om framtidig samansetting av utvalet før nytt vert endeleg oppnemnd.
4. Nytt Rådgjevande utval for perioden 2023 – 2026 vert oppnemnd i god tid før haustmøte i utvalet som blir i slutten av september.



Saksopplysningar

I følgje vedtekten til Ålfotbreen verneområdestyre skal det setjast ned eit rådgjevande utval for landskapsvernombordet. Dette står i punkt 9 i vedtekten:

«Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.»

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombord vart første gang oppnemnt i 2014. Etter fire år, i 2019, vart det bestemt at utvalet skulle evaluerast og rullerast. Det sittande utvalet vart involvert og hørt i den prosessen. Det vart gjort nokre endringar i samansettinga og representasjonen, og det var deretter oppnemnt eit nytt utval for perioden 2019 – 2022.

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombord for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulf Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Vi har hatt møte ein gong for året, og i tillegg til utvalet so deltek styreleiar, verneområdeforvaltar og naturoppsyn i møta.

I følgje vedtaket som vart gjort ved førre rulling, skulle utvalet sitte til og med 2022. I det ligg det at verneområdestyret no i 2023 bør gjennomføre ei ny rulling. Då kan styret og nytt høvet til å evaluere utvalet og vurdere eventuelle endringar. Evalueringa bør skje saman med dei som no sit i utvalet.

Organisasjonar og verksemder er oppnemnde som organisasjonar eller verksemder, og har ikkje personlege representantar. Dei kan sjølv velje kven som skal representere.

Grunneigarrepresentantane er personleg oppnemnd. Men dei kan sjølve finne «vara» dersom dei ikkje kan delta på eit møte.



Vurdering

Utvalet har fungert godt i perioden. Vi har hatt gode møte med gode diskusjonar og aktive representantar. Det har vore litt varierande med oppmøte i møta og vi har enkelte år vore litt få på møta. Men oppmøtet har vore tilstrekkeleg til at vi har hatt gode diskusjonar.

Årsakene til manglande oppmøte kan vere fleire. Vi kunne nok vore flinkare til å planlegge møta i god tid. Vi kunne kanskje og kommunisert og fulgt opp litt betre. Og so må vi berre vere klar over at det er frivillig og ubetalt oppmøte i utvalet, og då kan det fort bli nedprioritert i ein hektisk kvardag. Etter forvaltar sitt syn so bør utvalet ikkje reduserast. Då er det meir aktuelt å utvide det noko.

Forvaltar har vore i kontakt med Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane. Det er ein «paraply» for ei rekke organisasjonar som jobbar med natur og friluftsliv i gamle Sogn og Fjordane. FNF Sogn og Fjordane sit i fleire andre rådgjevande utval for nasjonalparkar og store verneområde, og dei ønskjer å vere med her og.

Grunneigarrepresentantane er personleg utpeika av verneområdestyret, ein frå kvar kommune. I utgangspunktet er det ein fordel om denne rolla rullerer mellom grunneigarane frå kvar kommune, dei er det mange av. Dette for at fleire grender og bygder skal bli høyrde og involvert i forvaltninga. Samstundes er nokon grunneigarar både større om meir sentrale enn andre, og har derfor mykje med forvaltninga å gjere. Og, det er fordeler med ein viss kontinuitet i slikt arbeid. Styret bør diskutere korleis grunneigarrepresentantane skal peikast ut og eventuelt kven det skal vere.

Styret bør og diskutere kor vidt det sittande utvalet skal høyrast om samansettinga og korleis dei meinat at utvalet fungerer. Som sagt so tykkjer forvaltar at det fungerer fint og at det ikkje er grunnlag for å gjere store endringar. Samstundes er det eit godt høve no til å få gjort justeringar dersom utvalet ønskje det. So dei bør kanskje få eit

Vi bør ha ein plan som gjer til at nytt utval vert oppnemnd og er klart til møte no til hausten. Det møtet brukar å vere i september. Med tanke på innkalling og planlegging so vil det ikkje vere heldig å vente på neste styremøte før utvalet vert oppnemnd. Styret kan derfor vurdere å fatte eit prinsipielt vedtak og legge føringane no. Deretter sende forslag ut til sittande utval med ein høyringsfrist, og so godkjenne og oppnemne nytt utval for ein fireårsperiode etter at utvalet har fått sagt sitt. Den godkjenninga kan gjerast per e-post eller i eit teamsmøte.

ST 11/23 Eventuelt